

## Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2017

**Tore Johannessen (LO-K)** sette på vegner av Akademikerne, LO-K og YS fram slikt forslag:

«Punkt 3.3 Ytring og lojalitet vert endra til:

Likevel er det slik at for tilsette i sentrale leiarstillingar og for tilsette som har ei sentral rolle i aktuell saksbehandling, vil lojalitetsplikta vere strengare enn for andre tilsette.

Same pkt., siste avsnitt vert endra til:

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld ytringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor langt meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Johannessen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Utkast til reviderte «Ethiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune (dato 8.mai 2017)» vert gjort gjeldande som etiske retningslinjer for Hordaland fylkeskommune med følgjande endringar:

Punkt 3.3 Ytring og lojalitet vert endra til:

Likevel er det slik at for tilsette i sentrale leiarstillingar og for tilsette som har ei sentral rolle i aktuell saksbehandling, vil lojalitetsplikta vere strengare enn for andre tilsette.

Same pkt., siste avsnitt vert endra til:

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld ytringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor langt meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.